

# RETNINGSLINJER FOR ETISKE REGLAR

*Kollektivtrafikkforeningens retningslinjer for etiske reglar er meint å vere ei sjekklister for tilverking av etiske reglar i det enkelte selskap.*

1

## 1. Grunnleggande verdiar/visjon

### 1.1. Føremål og overordna ansvar

- Selskapet forvaltar fellesskapet sine midlar på vegne av ....
- Selskapet utfører tenester som er viktige for samfunn og enkeltindivid
- Dei etiske retningslinjene skal danne grunnlag for tillit og bidra til å skape eit godt omdømme
- Alle har eit sjølvstendig ansvar for å sette seg inn i og etterleve dei etiske retningslinjene. Tvilstilfelle avklarast med næraste leiar.

### 1.2. Kven reglane omfattar

De etiske reglane gjeld for styremedlem, tilsette, innleigd personale og andre som jobbar for selskapet. I dette dokumentet kallar vi desse selskapet sine *medarbeidarar*.

### 1.3. Tilrettelegging /forankring i organisasjonen

Leiaransvar

- Legge til rette for samsvar mellom etiske reglar og praksis
  - Bygge organisasjonskultur som sikrar etisk praksis
  - Gjennomgå dei etiske reglane med medarbeidarane

Personleg ansvar og lojalitet

- Arbeide for fellesskapet sitt beste i tråd med lovar, reglar, visjon og verdiar
- Medarbeidarar skal vere lojale mot vedtak og pålegg frå overordna
- Medarbeidaren har ikkje plikt til å følge pålegg om å gjere noko ulovleg eller uetisk.
- Opptre på ein måte som ikkje skadar omdømme eller tillit
- Alle har eit sjølvstendig ansvar for å ta opp tilhøve ein får kjennskap til på arbeidsplassen som ikkje er i tråd med dei etiske reglane, jfr. pkt om Rapportering/varsling

## 2. Likestilling og integrering

- Selskapet verdsetjar mangfald på arbeidsplassen og tillèt ikkje noko form for usakleg diskriminering av medarbeidarar, under dette diskriminering basert på kjønn, seksuell legning, alder, nedsett funksjonsevne, etnisitet eller religiøs overtyding.
- Alle søkjarar skal oppleve å ha lik moglegheit for tilsetjing
- Alle medarbeidarar har ansvar for å bidra til eit godt arbeidsmiljø
- Alle medarbeidarar skal behandle kvarandre, kundar, forretningsforbindelsar og andre med respekt og vennlegheit

## 3. Informasjon

### 3.1. Openheit/informasjon

- Openheit skapar tillit til verksemda og motarbeidar klanderverdig åtferd og kultur
- Informasjon som ikkje er fortruleg skal vere open og tilgjengeleg for alle

### 3.2. Ytring/informasjon

- Alle har rett til å delta i samfunnsdebatten og uttale seg på eigne vegne.
  - Denne retten følgjast av plikta til å gjere alle merksame på at ein uttalar seg på eigne vegne
  - Alle har ansvar for at eigne ytringar ikkje kjem i konflikt med lojalitets- og teieplikt

## 4. Rapporteringsplikt/Varsling

- Medarbeidarar bør varsle om kritikkverdige forhold i samsvar med rutinar for varsling slik at forholda kan rettast opp i.

## 5. Korrupsjon, gåver og andre fordelar

- Nulltoleranse for korrupsjon
- Medarbeidarar skal ikkje setje seg i ein situasjon der det kan oppstå tvil om deira evne til å opptre redeleg, ubestikkeleg eller uavhengig.
- Medarbeidarar skal ikkje, korkje for seg sjølv eller andre, ta imot eller leggje til rette for å ta imot gåver, reiser, hotellopphald, bevertning, rabattar, lån eller andre ytingar eller fordelar som kan vere eigna til, eller der givaren har hatt til formål, å kunne påverke tenesteutøvinga eller avgjerdene.
- Medarbeidarar må ikkje nytte stillinga si til å skaffe seg sjølv eller andre urettkomne fordelar. Dette gjeld og i tilfelle kor desse fordelane ikkje er eigna til å påverke tenesteutøvinga eller avgjerdene.
- Representasjon o.l. skal haldast innanfor vanlege og aksepterte normer for sosialt samvære
- Utgifter til reiser og opphald for selskapet sine medarbeidarar skal betalast av arbeidsgjevar
- Tvilstilfelle skal avklarast med overordna

## 6. Habilitet/interessekonflikter

- Medarbeidarar skal ikkje opptre på ein måte som er eigna til å svekkje tilliten til at dei er upartiske
- Medarbeidarar skal ikkje behandle saker eller ta avgjerder i situasjonar der dei er inhabile
- Medarbeidarar skal sjølv vurdere eigen habilitet og avklare tvilstilfeller med overordna
- Engasjement i eksterne verv og posisjonar må ikkje vere av ein slik art at det kjem i konflikt med selskapet sine interesser
- Ingen må opptre slik at selskapet kan mistenkast for brot på konkurranselovgjeving (reglar om ulovleg prissamarbeid, anbodssamarbeid eller marknadsdeling)

3

## 7. Bruk av selskapet sine midlar, verdiar og eigedelar

- Ein kan berre nytte selskapet sine midlar, verdiar og eigedelar til arbeidsrelaterte føremål og/eller i samsvar med gjeldande reglement
  - Selskapet må vurdere om det er relevant å spesifisere bruk av e-postkonto, sosiale medium, logo og brevhovud.

## 8. Forretningsdrift og innkjøp

- Alle innkjøp i selskapet skal gjennomførast i samsvar med lov og forskrift om offentlege anskaffingar og administrasjonsselskapet sine retningsliner for innkjøp.
- Alle anskaffingar må baserast på likebehandling, forutsigbarhet, gjennomsiktighet, etterprøvbarhet og god forretningsskikk
- Selskapet har utarbeida etiske krav til leverandørar som skal vere del av kontrakten
- Rammeavtalar med leverandørar skal ikkje nyttast til privat bruk med mindre det er rabattordningar som er tilgjengeleg for alle i selskapet på like vilkår. Dette gjeld òg medarbeidarane sine næraste.

## 9. Miljø

Selskapet skal støtte ei føre-var-tilnærming til miljøutfordringar, ta initiativ til fremme av auka miljøansvar og oppmuntre til utvikling og spreining av miljøvennleg teknologi.

*(Prinsipp 7,8 og 9 i FNs Global Compact)*

## 10. Varigheit

- Reglane bør reviderast regelmessig.

5. desember 2017